

# **REGLER FOR AVGIFT VED UMLEIGE AV KYRKJENE I KVITSEID SOKN m.m. (KVITSEID KOMMUNE)**

## **Generelt:**

All utleige og utlån av kyrkjene skal vere i tråd med "Regelverk for bruk av kirker", vedtatt av Kyrkjemøtet 15.04.2015.

## **Om utleige:**

1. Utleige av kyrkjene til arrangement som ikkje er ein del av soknet/kyrkjelyden sitt arbeid og planer, kan berre skje etter godkjenning av soknerådet ved kyrkjeverja, eller leiar av kulturutvalet (konsertar og liknande.) Desse informerer kvarandre.
2. Søknad om leige må innehalde opplysningar om arrangementet, inkludert tekster og plan for oppsetting av teknisk utstyr.
3. Utleige kan berre skje når kyrkjetenar eller kyrkjetenar si avløyser er til stades under arrangementet.
4. Når søknaden er godkjend, sørger kyrkjeverja eller leiar av kulturutvalet for at kontrakt blir inngått.
5. Kyrkjeverja fakturerer i høve til denne, og må difor alltid ha ein kopi. (ingenting utbetalast kontant til for eksempel kyrkjetenar)
6. I grunnleiga inngår inntil 5 timar fordelt på rigging og arrangement. Medgått tid utover dette fakturarast med kr 350 pr. time.
7. Prisane indeksregulerast kvart 3. år.
8. Fakturering for gravferdstenester skjer direkte til etterlatte ved den som sørger for gravferda.
9. Eventuelle avslag på søknad om leie kan klagast inn for biskopen.

## **Leietakars plikter:**

1. Leietakar må rette seg etter dei tilvisingar som blir gjeve ved inngåing av kontrakt om utleie, og under bruk. Dette gjeld mellom anna pynting, oppsetting av teknisk utstyr og andre forhold som kan ha med vern av kyrkja sitt rom og utstyr å gjera, og brukarane si tryggleik.
2. Leietakar må rette seg etter gjeldande regler for brannvern.

## **UTLEIGE TIL BRYLLUP:**

1. Utleige til vigsel i kyrkjene kan berre gjerast etter avtale med og samtykke frå kyrkjeverja.
2. Vigsler medfører betaling når/viss minst eit av desse punkta gjeld:
  - ingen av brurefolka bur i kommunen eller i lengre tid (meir enn 10 år) ikkje har vore busett (folkeregistrert) i kommunen,
  - ingen av brurefolka er vaksne opp i kommunen,
  - ingen av dei er medlemmer av Den norske kyrkje,
  - vigselen er i regi av vigselman knytt til eit anna kyrkjesamfunn.

A: Grunnleige på kr. 3 000,-. Dette dekkjer strøm, reinhald og tenester utført av kyrkjetenar under, før og etter arrangementet.

B: Kr. 1 500,- i tillegg ved bruk av organist tilsett av Kviteseid sokneråd.

## **UTLEIGE TIL KONSERTER M.M.**

Ved utleige til konsertar m.m. der arrangementet ikkje kommer inn under soknet eller kyrkjelyden si verksemd, eller sine planar, skal det betales leige etter fylgjande satsar:

A: Grunnleige på kr. 3 000,-. Dette dekkjer strøm, reinhald og tenester utført av kyrkjetenar under, før og etter arrangementet.

B: I tilfelle der arrangøren har inntekter av billettsal, betales i tillegg 10 % av (brutto) inntekter som overstig kr. 5.000,-

## **UTLEIE TIL MØTER M.M.**

Ved utleige til oppbyggelige møter/arrangement som ikkje kommer inn under soknet eller kyrkjelyden si verksemd / sine planar, skal det ikkje betalast leige for. Det kjem av Kyrkjelova §20 der det står at «for benyttelse av kirken til gudstjeneste eller annen oppbyggelse tas det ikke betaling»

## **AVGIFT VED GRAVFERDER**

### **1. Personer som var busett i kommunen:**

For personer som var busett (folkeregistert) i Kviteseid kommune då dei døde, krevjast ingen avgift for gravferdsseremonien eller for opning og lukking av grav.

For personer som ikkje var medlem av Den norske kyrkje då dei døde, krevjast ingen avgift for opning og lukking av grav.

Dersom kyrkjebygget likevel nyttast, betalast:

- Kr. 3. 000,-. For leige av kyrkja. Dette dekkjer strøm, reinhald og tenester utført av kyrkjetenar under, før og etter gravferda.
- Kr. 1.500 i tillegg ved bruk av organist tilsett av Kviteseid sokneråd.

### **2. Personer som ikkje var busett i kommunen:**

For personer som ikkje var busett (folkeregisterert) i Kviteseid kommune då dei døde, krevjast følgande avgifter:

- For opning og lukking av kistegrav: kr. 5 000,-.
- For opning og lukking av urnegrav: kr. 1 500,-.
- Grunnleige for bruk av kyrkje eller kapell: kr. 3.000,-. Dette dekkjer strøm, reinhald og tenester utført av kyrkjetenar under, før og etter gravferda
- Kr. 1 500,- i tillegg ved bruk av organist tilsett av Kviteseid sokneråd.
- Festeavgift for grava krevjast inn frå fyrste år etter.

Reglene under punkt 2. gjelder ikkje dersom avdøde på grunn av sjukdom, alderdom eller andre særskilte grunner har budd i ein annan kommune mot slutten av livet. Kyrkjeverja kan utøve skjønsmessige vurdering av slike tilfelle.

## **VEDTAK og IKRAFTTREDING**

Vedteke i Kviteseid sokneråd 30.08.2017 i sak 53/17

Reglene erstattar tidlegare regler vedtekne i Kviteseid kyrkjelege fellesråd 10.04.2014, 06.06.2002 og 03.11.1999. Reglene trer i kreft frå og med det tidspunkt dei er godkjende av Agder og Telemark bispedømmeråd.

Reglene vart godkjente i bispedømmerådet ved stiftsdirektøren 19.09.2017. Merknadene der ifrå er innarbeida i dokumentet.